



Veteranplan

Bjørnafjorden kommune

2023-2027



VEDTEKE I KOMMUNESTYRET

15. JUNI 2023

INNHOLD

1. Forord frå ordføraren.....	3
2. Innleiing	4
3. Forkortigar.....	4
4. Bakgrunn	4
5. Tal på veteranar i Bjørnafjorden kommune	5
6. Mål med veteranplan.....	6
7. Arbeid med planen og organisering.....	6
8. Nasjonale føringar.....	7
9. Kommunale føringar.....	7
10. Levekårsundersøkingar om veteranar	8
11. Anerkjenning	9
12. Ivaretaking.....	10
13. Oppfølging.....	11
14. Kommunale tiltak.....	12
15. Veterankontakt	13
16. Evaluering av planen	17
17. Forsvaret sitt tilbod	17
18. KONTAKTINFORMASJON FOR VETERANAR OG PÅRØRANDE	19

Foto framside: Minneparken, 8. mai 2015. Fotograf: Øyvind Gjerde, Bjørnafjorden kommune

1. FORORD FRÅ ORDFØRAREN

Det er ei glede for meg å kunne legge fram veteranplan for Bjørnafjorden kommune. Planen skal gjelde fram til 2027, med planlagt evaluering midtvegs i planperioden.

Målet med planen er å vise anerkjenning og respekt for veteranar sin innsats for fred og fridom. Kvar enkelt veteran fortener anerkjenning og heider for viljen til å risikere liv og helse som oppdragag i internasjonale operasjoner kan medføre.

Bjørnafjorden kommune skal vere ein god kommune å bu i for veteranar og deira familiær, tufta på vårt felles samfunnsoppdrag for kommunen: **Det gode liv for alle.**

Planen synleggjer korleis lokalsamfunnet kan anerkjenne veteranar sin innsats for landet, gjennom blant anna faste seremoniar og markeringar. Samstundes vil vi løfte fram veteranar si erfaring som ressurspersonar i lokalmiljøet, til dømes i informasjonsarbeid og engasjement i frivillige lag og organisasjonar. Dei fleste veteranar som har tenestegjort i internasjonale operasjoner, kjem tilbake med nye erfaringar og ein unik kompetanse frå konfliktområde og handtering av kriser.

Forsking syner at dei fleste klarer seg bra etter tenesta. Den nasjonale oppfølgingsplanen for veteranar set søkelys på at kontakt med det sivile hjelpeapparatet i etterkant av utanlandsoperasjoner kan vere utfordrande på grunn av manglande kunnskap og kompetanse om belastingar og etterverknadar tenesta kan medføre.

Tiltaka i denne planen skal vere verktøy for oppfølging av veteranar og deira familiær, gi oversyn over ulike hjelpetilbod og bidra til at veteranar blir møtte med auka kunnskap og forståing. Veteranar har behov for eit koordinert og heilsakleg tenestetilbod, som også inkluderer behova til veteranane sine familiær.

Fleire veteranar i Bjørnafjorden kommune har på ulike måtar bidrøge i planprosessen og gitt innspel til tiltaka i planen. Ein stor takk til dykk!

Tusen takk for innsatsen de har gjort for demokrati, fred og fridom for Noreg og for verdsamfunnet.

Trine Lindborg
Ordførar

2. INNLEIING

Bjørnafjorden kommunestyre vedtok 15.12.2020 i kommunal planstrategi for 2020-2024 (k-sak 174/2020), at det skal lagast ein veteranplan for Bjørnafjorden kommune. Det er vidare vedtatt i planstrategien at dette skal vere ein handlingsplan for perioden 2023-2027, og at arbeidet med planen skal starte i 2022/2023. Planen er heimla i ei politisk bestilling frå formannskapet (f-sak 152/2020). Ansvaret for planen er lagt til Helse og velferd, men den skal vere tverrfagleg og sektorovergripande.

3. FORKORTINGAR

BK	Bjørnafjorden kommune
NVIO	Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner
SIOPS	Skadde i internasjonale operasjoner
FVT	Forsvarets veteranjeneste
RVTS DPS	Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging Distriktspsykiatrisk senter, v/ Solli DPS
PBU	Psykisk helsevern for barn og unge, v/ Helse Bergen
Bufdir	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Bufetat	Barne-, ungdoms- og familieetaten v/ Bergen og omland familiekontor
AFR	Avdeling for rusmedisin, v/ Helse Bergen

4. BAKGRUNN

Deltaking i internasjonale operasjoner med norsk personell frå Forsvaret og justissektoren er ein viktig del av den norske forsvars- og sikkerheitspolitikken.

Sidan 1947 har 100 000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjoner på våre vegne. Dette omfattar 100 operasjoner på fire kontinent. Sidan oppstarten av FN-operasjonen i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 nordmenn bidrege i freden si teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet.

Det er Stortinget som avgjer kva internasjonale operasjoner Noreg skal bidra i. Dei største norske bidraga sidan 1978 har vore i internasjonale operasjoner i Libanon, på Balkan og i Afghanistan. Gjennom deltaking i slike operasjoner kan Noreg vere ein forkjempar for menneskerettar og demokrati i mange land.

Kvinner og menn som har bidrege i slike operasjoner, vert kalla veteranar. Oppleving av krig og konflikt kan vere traumatisk og setja spor, både for veteranane sjølv, men òg for pårørande og familie.

Dei fleste som har tenestegjort i internasjonale operasjonar kjem tilbake med nye erfaringar og ein unik kompetanse frå konfliktområde, og forsking viser at dei fleste greier seg bra etter tenesta. Nokon vil likevel ha behov for oppfølging etterpå som følge av opplevingar dei har hatt under tenesta.

I Regjeringen sin oppfølgingsplan¹ blir kommunane oppmoda til å utarbeide kommunale veteranplanar:

«Det bør legges til rette for bedre samhandling og utvikling av lokale tiltak for oppfølging og ivaretakelse av personell som har vært i internasjonal tjeneste. Kommunene oppfordres til å utarbeide kommunale eller interkommunale veteranplaner».

Ivaretaking av veteranar frå internasjonale operasjonar er eit samfunnsansvar for alle sektorar, og spesielt for den kommunen veteranane bur i. Kommunane er derfor den primære tenesteleverandøren til denne gruppa, pårørande og familiene deira. Bjørnafjorden kommune sitt samfunnsoppdrag framgår også av verdigrunnlaget, at innbyggjarane skal oppleve det gode liv:

Samfunnsoppdrag (misjon): **Det gode liv for alle**

Visjon: Eit raust og attraktivt lokal samfunn med evne og vilje til nyskaping

Verdiar: **-Vi lyttar med respekt -Vi finn smarte løysingar -Vi gjer det vi seier
-Vi er inkluderande**

FVT har utarbeidd ein nettbasert rettleiar² der dei gir råd om kva ein slik veteranplan bør innehalde. Dei peikar her på desse tre hovudområda som planen bør seie noko om:

- Anerkjennung
- Ivaretaking
- Oppfølging

Med utgangspunkt i denne rettleiinga er planen bygd opp kring desse tre stikkorda.

5. TAL PÅ VETERANAR I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

FVT oppgir at det pr. februar 2023 var registrert 186 veteranar busett i Bjørnafjorden kommune. Dette er personar som har tenestegjort i internasjonale operasjonar frå 1978 og fram til i dag. Tek vi med personar som har tenestegjort før 1978, vert det totale talet stipulert til om lag 280, sjølv om det er knytt stor usikkerheit til kor mange dei eldste veteranane utgjer.

Forsvaret har ikkje personregister over veteranbefolkinga i kommunane før 1978, til dømes over dei som deltok i Tysklandsbrigaden etter 1947. Det er heller ikkje av personvernomsyn høve til å få innsyn kven som er veteranar i Bjørnafjorden frå 1978 og fram til i dag, berre tal personar vert opplyst om frå FVT i den årlege statistikken.

¹ Regjeringens oppfølgingsplan for ivaretakelse av personell før, under og etter utenlandstjeneste (2014) «I tjeneste for Norge» [dds-oppfolgingsplan-materie-kor3.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/dokumenter/dds-oppfolgingsplan-materie-kor3.pdf)

² [Kommunalt og offentlig veteranarbeid - Forsvaret](https://www.forsvaret.no/kommunalt-og-offentlig-veteranarbeid)

6. MÅL MED VETERANPLAN

Mål med veteranplan for BK er å anerkjenne, ivareta og følge opp veteranane, både under og etter internasjonal teneste for Noreg. I tillegg har vi som mål med planen:

- Sikre god samhandling internt i kommunen og medverke til at veteranar og deira familiar blir møtt med forståing og rett kompetanse.
- Bidra til at veteranar kan etablere nettverk, aktivitetstilbod og møteplassar lokalt og i samarbeid med veteranorganisasjonar. BK skal legge til rette for disponering av kommunale lokalar vederlagsfritt.
- Sørge for at samfunnet i større grad nyttegjer seg veteranar som ein ressurs, og tek i bruk den viktige kompetansen veteranar har, der det er naturleg.
- Planen skal fungere som eit heilskapleg opplysnings- og informasjonsdokument for veteranar, kommunen og lokalsamfunnet.

7. ARBEID MED PLANEN OG ORGANISERING

Planprosessen starta opp i november 2022. Det blei oppretta samarbeid med NVIO Bergen og omland som er ein godt etablert frivillig organisasjon med breitt aktivitetstilbod lokalisert til veteranhuset ved Kronstad hovedgård. Kommunen og NVIO inviterte i samarbeid til eit ope veteran treff på Os i februar 2023, der det møtte deltakar både frå Bergen og omland, også fleire heimebuande i Bjørnafjorden.



Foto: Veteran treff i samarbeid med NVIO – februar 2023. Fotograf: Bjørn Arne Braathen / NVIO

Arbeidsgruppe for planen er samansett av både kommunalt tilsette og lokale veteranar.

Arbeidsgruppe:

Eva-Mari Solberg, Prosjektleiar for planen (Bjørnafjorden kommune)
Erik Vangsnes, Kultursjef (Bjørnafjorden kommune)
Olaug Sælen Steen, Avdelingsleiar Psykisk helse (Bjørnafjorden kommune)
Erik Walden (veteran)
Bernt Grimstvedt (veteran)
Harald Hope (veteran)
Rolv Lekven (veteran)

Referansegruppe:

Bjørn Arne Braathen (veteran)
Elljan Johnsen (veteran)
Tor Slettebakken (veteran)
Nina Hodneland Rismose (pårørande til veteran)

8. NASJONALE FØRINGAR

Samfunnet har eit klart ansvar for å ivareta personellet og deira nærmaste når Forsvaret deltek i internasjonale operasjonar. Dette er nedfelt i fleire dokument frå regjeringa, bl.a.:

- Stortingsmelding nr. 15 (2019-2020)³, «Også vi når det blir krevet. Veteraner i vår tid»
- St. meld. Nr. 34 (2008-2009) «Fra vernepliktig til veteran»⁴.
- Regjeringens handlingsplan (2011-2013) «I tjeneste for Norge» - Regjeringens oppfølgingsplan (2014)⁵

Kommunane er ansvarleg for at personar som oppheld seg i kommunen, får nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette er bl.a. nedfelt i Folkehelselova § 4 – første ledd:

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.»

9. KOMMUNALE FØRINGAR

Kommunal planlegging skal bygga både på lokale behov og nasjonale føringer, som lovkrav og **FN sine 17 berekraftsmål**. Dei tre berekraftsmåla som er spesielt relevante for veteranplanen er berekraftsmål 3 om god helse og livskvalitet for alle, mål 11 om berekraftige tettstadar og lokalsamfunn og mål 16 om fred og rettferd – som veteranane har vore med og kjempa for i si teneste rundt om i verda.

³ [Meld. St. 15 \(2019–2020\) \(regjeringen.no\)](#)

⁴ [St.meld. nr. 34 \(2008–2009\) \(regjeringen.no\)](#)

⁵ [veteraner_handlingsplan_nettversjon.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Samfunnssdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune 2023-2035 gir føringer for anna planarbeid i kommunen. Vi har tre overordna satsingsområde for samfunnsutviklinga som er relevante for veteranplanen: «Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn», «Framtidsretta Bjørnafjorden kommune» og «Samarbeid for å nå måla». Tilhøyrande mål og strategiar skal hjelpe oss i arbeidet med å utvikla tettstadane og lokalsamfunna våre på ein inkluderande og berekraftig måte (mål B.8). Det vil seja at vi skal halda oss innanfor natur-, klima- og miljømessige tolegrensar, men òg sørga for at ingen fell utanfor samfunnet sosialt, kulturelt og økonomisk.

I samfunnssdelen har vi mål om gode levekår, god folkehelse og trygge og differensierte bumiljø. Bjørnafjorden kommune skal vera inkluderande og sikra alle innbyggjarar likeverdige mogleheter til eit godt liv (mål B.3). Kva skal vi gjera for å nå dette målet? Relevante strategiar er m.a. at vi sikrar lett tilgjengelege møteplassar, legg til rette for fellesskap, der alle kan oppleva meistring og at det er bruk for dei, og arbeider for å hindra sosial utanforskap.

Vi skal jobba tverrfagleg, levera heilsakaplege tenester og tenkja folkehelse, førebygging og berekraft i tenestene våre i Bjørnafjorden kommune (mål C.2.1). Det skal vera trygt og godt å veksa opp her, og dei som treng tilrettelegging, skal få det (mål C.2.1.2). I arbeidet for å nå desse måla, har vi m.a. som strategiar å dreia ressursbruken over mot tidleg innsats og førebyggande arbeid, inkludert samarbeid med lag og organisasjonar, og bruka samskaping som arbeidsmetode for å sikra mest mogleg treffsikre og saumlause tenester for innbyggjarane. Vi legg til rette for at det blir lettare å få psykisk helsehjelp for dei som treng det, og for opplysning og rettleiing, slik at innbyggjarane kan ta gode val for eigne liv og eiga helse.

10. LEVEKÅRSUNDERSØKINGAR OM VETERANAR

Generelt har personell som har tenestegjort i internasjonale operasjonar god helse og klarer seg godt i samfunnet. Dei er ressurssterke og bidrar aktivt på mange samfunnsområde. Dei siste åra har forebygging av helseproblem blitt styrka gjennom Forsvaret sin utvelging og førebuing av personellet og deira familiær, oppfølging under og etter tenesta er blitt betre enn før.

Statistisk Sentralbyrå utga i 2013 rapporten Veteraners Levekår. I sammendraget står det bl.a.:

«Totalt konkluderer vi med at veteraner, både fra forsvaret og fra politiet, er en gruppe som har høy grad av deltagelse på arbeidsmarkedet sammenlignet med referansegruppene. Mange av forsvarsveteranene er heltids yrkesaktive, spesielt gjelder det relativt mange kvinner, og yrkesaktiviteten er også svært høy blant kvinnelige politiveteraner. Forsvarsveteraner har dessuten sykefravær omrent som i referansegruppen, mens korte fravær forekommer noe hyppigere blant politiveteraner når vi sammenligner med referansegruppen. Forsvarsveteraner opplever like mye støtte og tilbakemelding i sitt arbeid som andre, politiveteraner opplever mer. Det er derfor lite som tyder på at tjenesten i betydelig grad bidrar til lavere yrkesaktivitet eller svekker arbeidsforholdene».

Forsvaret gjennomførte ei undersøking av psykisk helse hos norsk militært personell som tenestegjorde i Afghanistan i perioden 2001-2011 (Afghanistan I-undersøkelsen). Her blir det konkludert med følgjande:

«Det store flertallet av veteranene har god psykisk helse i gjennomsnitt fire år etter avsluttet tjeneste i Afghanistan. En andel av afghanistanveteranene har psykiske helseplager på

samme tidspunkt. Nivået av helsesvikt er lavere enn i en tidligere norsk undersøkelse av Libanonveteraner (UNIFIL undersøkelsen), og også lavere enn hovedtendensen i utenlandske studier av veteraner fra krigene i Afghanistan og Irak».

I 2020 blei det gjennomført ei ny undersøking (Afghanistan II-undersøkinga), som samanliknar resultat frå 2011 og 2020, samt gir eit bilet på korleis det står til med Afghanistan-veteranane i dag. Svarprosenten på denne undersøkinga var på 67,7 % (6227 veteranar deltok) og blir derfor vurdert som svært representativ.

Oppsummert viser undersøkinga at 79 % av Afghanistan-veteranane rapporterer om høg eller svært høg livskvalitet.

Samtidig rapporterer ein av ti (10,4%) om éin eller fleire psykiske helseplager på undersøkingstidspunktet. Fleire psykiske helseplager som PTSD (posttraumatiske stresssliding), depresjon, angst og søvnproblem har dobla seg frå 2011 til 2020 og veteranar som sluttar å tenestegjere i Forsvaret har heile 82% høgare risiko for psykiske helseplager.

Det viser seg vidare at psykiske og kroppslege helseplager er tett knytt saman og at dei kroppslege plagene kan vere uttrykk for høg belasting knytt til teneste i internasjonale operasjoner.

Både Levekårsundersøkinga (SSB) og Afghanistan-studiane indikerar at helsestatusen for norske veteranar i all hovudsak er god. Til tross for dette hovudinntrykket er det likevel ein del som slit med etterverknadar etter deltaking i internasjonale operasjoner og den høge risikoen for psykiske helsevanskar som følge av tenesta, gir grunn til bekymring.

Kunnskap om desse risikofaktorane gjer at forankring av denne tiltaksplanen er viktig for å bevisstgjøre tilsette i tenestene slik at veteranane blir betre anerkjent, ivaretatt og følgd opp når behov for hjelp oppstår.

11. ANERKJENNING

Personell som har tenestegjort i internasjonale operasjoner, har tileigna seg ei særleg erfaring og kompetanse. Denne kompetansen kan vere nyttig for kommunen i ein rekke samanhengar. Det at personellet får nytte og delt denne kompetansen i heimkommunen, vil vere av stor betydning for deira oppleving av å bli anerkjent for tenesta dei har gjort.

Kompetansen som veteranar har opparbeidd seg i utanlandsteneste, kan vere av ulik karakter. Det kan handle om evne til å handtere ulike kriser, både i form av leiarskap og ved det å kunne ta vare på folk i krisesituasjonar. Leiarskap generelt, og leiarskapsutvikling er eit anna relevant kompetanseområde. Personar som har vore i utanlandsteneste har ofte god kjennskap til andre kulturar, noko som kan gjere desse til gode ressursar i samband med integreringsarbeid for flyktningar og arbeidsinnvandrarar.

Offentlege seremoniar og markeringar er viktig med tanke på synleggjering av veteranane og deira innsats. For mange vil dette vere den beste måten å få si anerkjenning på.

8. mai er no den offisielle veterandagen, i tillegg til at det er frigjerdingsdagen til minne om 8. mai 1945. Det er naturleg å nytte denne dagen til å gje konkret heider til veteranane.



Foto: Os og Fusaposten - 8. mai markering 2022, Minneparken, Os

12. IVARETAKING

Kommunen har ansvaret for at innbyggerane har tilgang til nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld sjølvagt også for personar som har vore deltagarar i internasjonale militære operasjonar. Som nemnt over, greier dei fleste veteranar seg bra etter tenesta, mens nokon vil ha større eller mindre problem og utfordringar som følgje av det dei har opplevd. For fastlegar og tilsette i kommunen sine tenester, vil det vere viktig å vite at årsaka til fysiske og psykiske helseplagar kan vere belastning i tilknyting til internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid. Det må sikrast at det innan kommunen sine helsetenester, i skular, barnehagar, PPT og i kommunen sine oppfølgingstenester for barn og unge finst nødvendig kompetanse på dette feltet.

Kommunen må bidra til god og lett tilgjengeleg informasjon om kommunale tilbod som er relevant for veteranane, også informasjon om tilboda Forsvaret og veteranorganisasjonane har. Kommunen si heimeside vil bli nytta til dette ved å lage eige informasjonsside for veteranar og viktige samarbeidspartnarar, t.d. for fastlegar og NAV.

Informasjon for veteranar er samla i ei oversikt på bjornafjorden.kommune.no/veteran

INFORMASJON FOR VETERANAR

Bjørnafjorden kommune har samla ei oversikt over tilbod som kan vere til hjelp og nytte for deg som er veteran og dine pårørande i ulike situasjoner.

- ▼ [Regionalt ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging](#)
- ▼ [Veteranorganisasjonar](#)
- ▼ [Kommunal veterankontakt i Bjørnafjorden kommune](#)
- ▼ [Kompetansemiljøet for veteransaker i NAV](#)
- ▼ [Forsvaret sine tilbod](#)
- ▼ [Spesialisthelsetenester](#)
- ▼ [Andre hjelpetilbod](#)

Sist endra: 18.04.2023 14:42

Til toppen ↑

13. OPPFØLGING

Deltaking i internasjonale operasjoner inneber ofte teneste i krevjande og farlege situasjoner og for nokon kan tenesta medføre både fysiske og psykiske skader. Som nemnd over er det eit mindretal av veteranane som opplever helsemessige utfordringar kortare eller lengre tid etter avslutta oppdrag. Likevel er det viktig for dei som treng hjelp i etterkant at dei vert møtt og følgd opp av kommunalt tilsette som har eit minimum av kunnskap om kva slik internasjonal teneste inneber, og kva særskilde utfordringar og problem som kan følge av denne tenesta.

Forsvaret er pålagt ei oppfølgingsplikt for personellet sitt i eitt år etter at dei er kome tilbake frå internasjonal teneste. Dette er ei oppfølging som kjem i tillegg til, men som ikkje skal erstatte dei tenester kommunane og andre offentlege etatar skal yte for sine innbyggjarar. I dei tilfelle der veteranar har fått problem etter tenesta si, vil dette også kunne få følgjer for familie og pårørande. Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale tenesteområde. Samhandling på tvers av fagfelt og forståing for dei ulike faginstansane si betydning i oppfølginga, kan vere viktig for å sikre eit heilsakapleg tilbod til veteranane og deira familiarar.



Foto: Frå Nasjonal Veterankonferanse 2023 i Molde. Anne Mette Albert (til venstre i biletet), pårørande til veteran og osingen Herdis Dyrdal Stoknes (til høgre i biletet), familieterapeut ved Bergen og omland familiekontor. Innlegget hadde tema: Søkelys på familien.
Fotograf: Torbjørn Kjosvold / Forsvaret

14. KOMMUNALE TILTAK

Kultureininga har ansvar for Frigjerings- og veterandagen 8. mai med markering i Minneparken på Osøyro. Det har også vore sosial samkomme for veteranar i etterkant av arrangementet.

Fastlegen er for dei fleste den første ein møter i kommunehelsetenesta og den som henviser til spesialisthelsetenesta og andre tiltak når det er nødvendig. Forsvaret sin sanitet distribuerte «Håndbok for militærpsykiatri» til alle fastleggar i 2016⁶.

Avd. Psykisk helse i BK gir tilbod om psykososial oppfølging til personar som strevar med psykisk helse- og/eller rusvanskar. Teamet kartlegg behov og kan tilby samtalar, rettleiling og ulike gruppeaktivitetar.

Rask psykisk helsehjelp: Ved å kome i gang tidleg med behandling for veteranar som har psykisk helse- eller stressrelaterte plager eller vil det i dei fleste tilfella vera mogeleg å hindre at plager utviklar seg til kroniske psykiske lidningar.

⁶ Reichelt, J.G. (2016) – *Håndbok i militærpsykiatri*. Bergen: Fagbokforlaget. [Håndbok i militærpsykiatri - Fagbokforlaget.no](http://www.Fagbokforlaget.no)

Det er viktig at tilsette i helse- og omsorgstenesta har kompetanse om veteranarbeid slik at hjelpeapparatet lettare kan fange opp problema og tilby hjelp tidleg. Rask psykisk helsehjelp er eit lett tilgjengeleg tilbod til vakse over 18 år. Tilboden er basert på behandlingsforma kognitiv åtferdsterapi, og handlar om å forstå angst, depresjon, søvnvansk og andre aktuelle tema⁷.

Avdeling for forvaltning og koordinering (AFK) innan området Helse og Velferd kan gi råd om tenester og tiltak som kan vere aktuelle for veteranar. Dersom det viser seg at det er behov for hjelp og støtte, tildeler AFK teneste og fattar nødvendige vedtak.

Barn og unge kan få støtte, hjelp og informasjon om andre støtte- og hjelpestilbod av helsesjukepleiar på helsestasjonen, i skulehelsetenesta og på helsestasjon for ungdom.

Innan området Oppvekst er det oppretta **Familiens hus** for å styrke arbeidet med tidleg innsats for barn, unge og familiar.⁸ BK har eit **Familieteam** som er eit lågterskelttilbod for barn og unge frå 0 til 18 år.⁹ Foreldre/føresette kan få rettleiing med ulike problemstillingar knytt til blant anna psykisk helse, trivsel, samspel, utvikling, åtferd, regulering, grensesetting og reaksjonar på vanskelege hendingar

Barnehagar og skular har en viktig oppgåve i å vurdere om eit barn har det vanskeleg. Dersom barnet føler utryggleik eller har andre problem som følge av at far eller mor er i utanlandsteneste, skal barnehagepersonell eller lærar kunne fange opp dette, og gjennom samtale og oppfølging bidra til å hjelpe barnet. Det er viktig at familien gir informasjon til lærar og barnehagepersonell slik at ein kan førebygge og hindre forverring av problema.

NAV skal rettleie personar på arbeids-, familie- og pensjonsområdet og ta imot krav om ytingar. NAV skal også følge opp personar som treng ekstra bistand for å kome i arbeid eller aktivitet. Det er oppretta eit eige kompetanseMiljø for veteransaker ved NAV Elverum, som kan gi råd og rettleiing til saksbehandlarar på NAV-kontora.

15. VETERANKONTAKT

BK skal peike ut ein veterankontakt som kontaktperson og eit bindeledd mellom kommunen og veteranane, FVT og andre aktuelle aktørar. Veterankontakten skal halde oversikt over kommunen sine tilbod til veteranar og deira familiar, samt vere **ei dør inn** for veteranar eller pårørande ved behov for kommunale tenester.

Ved behov for helsehjelp, til dømes psykisk helsehjelp er det oppdatert kontaktinformasjon tilgjengeleg på BK si heimeside.¹⁰

I tillegg skal veterankontakten i samarbeid med aktuelle tenesteleiarar koordinere kommunen sitt samarbeid med sentrale aktørar innanfor feltet, som FVT, frivillige organisasjonar t.d. NVIO, Region Vest av RVTS og Bufdir v/ Bergen og omland familiekontor.

I BK vil veterankontakten bli lagt til kultureininga og ivaretake av kultursjef. Oppgåva som veterankontakt er såleis lagt til ei eksisterande stilling i kommunen.

⁷ [Rask psykisk helsehjelp \(RPH\) - Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](#)

⁸ [Kva driv dei med i Familiens hus? - Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](#)

⁹ [Familieteamet - Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](#)

¹⁰ [Psykisk helsehjelp: Kva tilbod finst? - Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](#)



Foto: Kultursjef Erik Vangsnes ivaretok rolla som veterankontakt i planperioden.
Fotograf: Bjørn Arne Braathen / NVIO

TILTAKSPLAN

BK sin kommunale veteranplan set søkerlys på ulike tiltak for å oppnå måla om auka anerkjenning, ivaretaking, og oppfølging.

Tiltaksplanen gir oversyn over kva som skal skje, kvifor og kven som har ansvar for at tiltaka blir gjennomført.

Tiltaka skal tilpassast og løpende evaluerast etter slik behova endrar seg, og nye måtar å gjennomføre samarbeidet tek form undervegs. Planen skal evaluerast 2 år etter vedtak i kommunestyret.

ANERKJENNING

Nr	Tiltak	Beskriving
1	Nytte kompetansen til veteranane	Oppfordre veteranar som ønsker det, om å bidra som frivillige i beredskapsarbeid i Bjørnafjorden gjennom lokale lag og organisasjonar.

Nr	Tiltak	Beskriving
		<p>Kommunen har beredskapsavtalar med Røde Kors og Norske kvinners sanitetsforeining (NKS) sine lokallag. Lokallaga rekrutterer frivillige som ønsker å delta som beredskapsvakter, i flyktningarbeid eller hjelpekorps m.m. Dei kan stille som hjelparar for politi, brann/redning, helse og/eller kommunal kriselerding ved behov.</p> <p>Ansvar: Kommunen sin beredskapskontakt i samarbeid med lokale Røde Kors og NKS</p>
2	8. mai, frigjerings- og veterandagen	<p>Stortinget har bestemt at 8. mai som er frigjerdingsdag også skal vere nasjonal veterandag. Det er fast markering i Minneparken med påfølgande arrangement, innhald kan variere frå år til år.</p> <p>Ansvar: Kultureininga og ordførar</p>
3	Seremoni i samband med medaljeutdeling	<p>Vert arrangert når veteran skal heidrast med medalje.</p> <p>Ansvar: Kultureininga i samarbeid med representant frå Forsvaret</p>
4	17. mai, nasjonaldagen	<p>Veteranar kan vere flaggvakt, delta i flaggborg og/eller æresvakt ved kransenedlegging. Må koordinere med 17. mai komiteen.</p> <p>Ansvar: Kultureininga</p>
5	Forsvaret sin minnedag, første søndag i november	<p>Forsvaret sin minnedag er ein markering etablert av det norske forsvaret for å heidre falne i teneste. Hovedarrangementet finn stad på Akershus festning i Oslo. I Bergen er det markering fredagen før denne helga.</p> <p>Det vert ikkje lagt opp til eiga markering i BK utover dette.</p>
6	Markering av FN-dagen 24. oktober	<p>Dagen vert ofte markert i skule på ulikt vis. Skular kan nytte lokale veteranar som ressurs i undervisning og elles i tråd med læreplanar. Dette for å synleggjere veteranar sine bidrag i internasjonale operasjoner.</p> <p>Ansvar: Rektorar i BK</p>
7	Tilgang til kommunale møtelokalitetar	<p>Møtestad for veteranar for å kunne etablere eige nettverk, arrangere faste veteran treff og ulike aktivitetar lokalt i kommunen.</p> <p>Ansvar: Lokal veterangruppe, evt. i samarbeid med NVIO</p>
8	Veterantreff og temamøte for veteranfamiliar	<p>Veterangruppa lager oversyn over aktivitetar dei ønsker å gjennomføre, t.d. faste veteran treff og samkommer for veteranfamiliar. Fagpersonar i BK kan bidra i ulike temamøte for veteranar og deira familiar.</p> <p>Ansvar: Veterangruppa i samarbeid med NVIO, veterankontakt og aktuelle kommunale tenesteleiarar.</p>

IVARETAKING		
Nr	Tiltak	Beskriving
1	Veterankontakt	Kultursjef ivaretek denne rolla i planprioden. Ansvar: Kommunalsjef Samfunnsutvikling
2	Oppfølging av barn og unge som pårørande	Familieteam og Familiens hus har lågterskeltilbod for oppfølging av barn, unge og deira familiær. Ansvar: Familieteamet og Familiens hus
3	Handbok for fastlegar	Omhandler korleis forhalde seg til moglege negative psykiske konsekvensar av det å vere soldat. Fellesbestilling av handboka til fastlegar som ikkje har den frå før. Ansvar: Kommunalsjef Helse og Velferd
4	Kompetanseheving for skular og barnehagar	Kurs om traume, med særleg fokus på krigsopplevelingar og barns moglege reaksjonar som følgje av foreldre si teneste i internasjonale operasjonar. RVTS Vest kan nyttast som samarbeidspartner dersom det er behov for det. Ansvar: Kommunalsjef Oppvekst og RVTS Vest
5	Eigen nettside for veteranar på BK si heimesida	Samle informasjon som er spesielt relevant veteranar. Ansvar: Kommunikasjonsrådgjevar

OPPFØLGING		
Nr	Tiltak	Beskriving
1	Kompetanseheving for kommunalt tilsette både i kommunehelsetenesta, skular og barnehagar og andre aktuelle einingar	Modulbasert E-læringskurs om veteranar tilgjengeleg i KS Læring. Kurset består av 6 ulike modular, tenestene vel sjølv kva modular som er relevant. Til dømes vil det vera tilstrekkeleg for skule og barnehage å gjennomgå desse 3 modulane: <ul style="list-style-type: none"> • Modul 1: Hva er ein veteran • Modul 2: Utfordringer for veteraner • Modul 3: Familie og barn I tillegg er desse modulane tilgjengeleg: <ul style="list-style-type: none"> • Modul 4: Ressurser for veteran • Modul 5: Stressmestring og SMART¹¹ • Modul 6: Veteraner og kommunene Ansvar: Kommunalsjefane for Helse og Velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling skal informere om at dette E-læringskurset er tilgjengeleg og skal nyttast av einingar/tilsette ved behov

¹¹ [SMART-appen - RVTS Øst \(rvtsost.no\)](http://SMART-appen - RVTS Øst (rvtsost.no)) SMART (StressMestringsAktiviteter for RobusthetsTrening) er en app oversatt av RVTS Øst som gir gode råd og øvelser for å roe ned, sove bedre, håndtere irritabilitet, stoppe negativ tenkning og mestre andre livsutfordringer.

Nr	Tiltak	Beskriving
2	Fagdagar for kommunehelsetenesta, også for andre kommunale einingar skal gjennomførast ved behov	Auke medvit og kunnskap for fagpersonell som møter veteranar og deira familiar. Tilgjengelege kurs i regi av RVTS kan nyttast, også samarbeid om fagdagar på tvers einingar. Inkludere og invitere veteranar og deira familiar til å delta ved relevante tema. Ansvar: Einingsleiarar Helse og Velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling
3	Kompetanseheving for NAV tilsette	Tilby kurs for å auke kompetanse om veteranar gjennom modulbasert E-læringskurs om veteranar tilgjengeleg i KS Læring. Ansvar: Kommunalsjef Helse og Velferd
4	Samarbeidsmøte med NVIO og veterankontakt	Årleg møte, t.d. februar/mars. Ansvar: Leiar for NVIO Bergen og Omland og veterankontakt
5	Evaluering av planen	Rullering av planen 2 år etter vedtak i Kommunestyret. Ansvar: Kommunedirektør

16. EVALUERING AV PLANEN

Det er vanskeleg å vite kor godt ein ny plan treff dei reelle behova den er meint å fylle. Det er derfor viktig at planen vert evaluert og at ein vurderer i kva grad tiltaka i planen blir følgd opp.

I ei slik evaluering må ein involvere både aktuelle tenester i kommunen og målgruppa veteranane. Tidspunkt for evaluering vert sett til år 2 etter vedtak i kommunestyret. Det er kommunedirektør, samt kommunalsjefane for Oppvekst, Helse/Velferd og Samfunnsutvikling som er ansvarlege for at evalueringa vert gjennomført.

17. FORSVARET SITT TILBOD

Forsvaret har eige tilbod som gjeld både før, under og etter teneste i internasjonale operasjoner. Dette vert å sjå på som eit supplement til det offentlege tilboda i kommunen, men ikkje som ei erstatning.

Før utreise vert det arrangert ei fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får ein informasjon om sjølv operasjonen og tilhøva i området der ein skal gjøre teneste. Ivaretaking av barn og familie elles er også tema på denne samlingen.

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) har nyleg publisert ein rapport frå prosjektet «Samliv i Forsvaret» som bl.a. set søkelys på belastninga arbeid i Forsvaret kan påføre ein sjølv, partnarar og eventuelle barn.¹²

¹² [r2023_01 Mellom familiens og Forsvarets krav.pdf \(oslomet.no\)](https://www.oslomet.no/r2023_01_Mellom_familiens_og_Forsvarets_krav.pdf)

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein 24-timars kontakttelefon for pårørande. Det vert også arrangert familiesamlingar undervegs, m.a. for å gje informasjon frå operasjonsområdet. For å førebu overgangen til eit liv etter tenestegjering i ei krigssone, vert det arrangert ei samling på to til tre dagar, kalla «mellomlanding», på vegen heim. Overgang til livet heime er ofte stor, og under «mellomlandinga» vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringssending. Ved heimkomst i Noreg vert det arrangert ein medaljeseremoni for å heidre soldatane, ei samling som også pårørande vert invitert til.

Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Etter tre til seks månader tek Forsvaret kontakt for å høyre korleis den første tida heime har vore. Etter eitt år arrangerer Forsvaret ei samling der personellet som har vore ute møtast for å dele erfaringar om korleis det var å komme heim. Her deltar psykolog. Formelt sett vert Forsvaret si oppfølgingsplikt avslutta etter eitt år. Likevel kan alle når som helst kontakte Forsvaret med spørsmål om rettigheter, hjelp og tilbod for veteranar. For slik oppfølging er «Forsvarets åpne dør» oppretta. Dette er eit kontor som er åpent alle kvardagar, bemanna med eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og rettleiing til veteranar og deira familiær.



Foto: Forsvaret

Forsvarets veteranseneter, Kongsvinger er eit aktivitets- og rekreasjonssenter – eksklusivt for Forsvarets veteranar og deira familiær. Senteret har ei rekke tilbod tilpassa veteranar, og ein stab som står parat for å gjere opphaldet best mogleg.

18. KONTAKTINFORMASJON FOR VETERANAR OG PÅRØRANDE

Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging:

RVTS Vest - (rvtsvest.no) - tlf. 55 97 66 95. Kompetansesenter for undervisning, konsultasjon og tenesteutvikling. Ein samarbeidspartner i region vest innanfor sjølvmordsforebygging og sjølvskadning, flyktninghelse og tvungen migrasjon, vald og seksuelle overgrep, kriser og psykososial beredskap.

Veteranorganisasjonar:

SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner:

-Bistår i oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål. [Siops - Siops](#) – tlf. 22 69 56 50

NVIO - Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner:

Kameratstøtte - [Kameratstøtte \(nvio.no\)](#). Ei nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familien. Vert driven i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

Kameratstøttetelefonen 800 48 500 - Ein landsdekkande, døgnbemanna hjelpetelefon der ein får snakke med ein som har tenestegjort utanlands. Ein kan vere anonym.

NVIO Bergen og omland:

[NVIO Bergen](#), E-post: post@bergen.nvio.no

Leder Bjørn Arne Braathen – tlf. 982 39 624

Veteran møter Veteran – eit forbund som jobbar for økt aktivitet blant veteranar. [Veteran møter Veteran – Veteraner og pårørendes interesseorganisasjon. \(veteranmoterveteran.no\)](#)

Kommunal veterankontakt, Bjørnafjorden kommune:

Er du veteran og busett i Bjørnafjorden kommune? Ønsker du å snakke med veterankontakten i Bjørnafjorden kommune? Veterankontakten er tilsett i Kultureininga, kontakt kultursjef Erik Vangsnes, tlf. 47 27 71 46.

Kompetansemiljøet for veteransaker i NAV:

NAV-kontoret i Elverum har spesialkompetanse på veteransaker. [Råd og veiledning for veteraner - nav.no](#)

Kontaktpersonar:

Gunn Strand, tlf. 907 03 355

Carl Bergsvik, tlf. 924 77 220

Mette Seland Pettersen, tlf. 404 92 115

Forsvaret sine tilbod:

Forsvaret tilbyr ulike typar støtte til soldatar, veteranar og deira nærmeste. Tilboda er vist til på forsvaret sine nettsider: [Veteraner - Forsvaret](#)

Nokre av tilboda er: Forsvaret si grøne linje, eit samarbeid mellom Forsvaret og Kirkens SOS. Telefon: 800 30445

Forsvarets "åpne dør" for veteranar Telefon: 800 85 000 (kvardagar mellom 8 og 15)

Kontoret for psykiatri og stressmestring og Nasjonal militærmedisinske poliklinikk, tlf. 23 09 79 30

Forsvarets veteransenter Bæreiavegen 588, 2208 Kongsvinger, tlf. 62 82 01 00, [Forsvarets veteransenter - Forsvaret](#), E-post: veteransenteret@mil.no

Trenger du hjelp til noko?

Fastlege - [Fastlegen din på Helsenorge - Helsenorge](#)

Legevakt 116117

Bjørnafjorden kommune – Avd. psykisk helse – tlf. 90 06 75 14

Bjørnafjorden kommune – Avd. for forvaltning og koordinering – tlf. 91 67 20 72

NAV Bjørnafjorden – tlf. 55 55 33 33, Vakttelefon: 90770941, vert besvart alle dagar mellom 9 -15. NAV gir hjelp og rettleiing i forhold til arbeid, økonomi, og den einskilde sin livssituasjon og problem knytt psykisk og fysisk helse.

Mental helse tlf. 116 123, åpent 24/7

Alarmtelefon barn og unge 116 111, åpent 24/7

Kirkens SOS tlf. 22 40 00 40

Bergen og omland familiekontor – tlf. 46 61 91 40 - [Bergen og omland familiekontor | Bufdir](#)

Spesialisthelsetenester:

DPS Distriktspsykiatrisk senter, v/ Solli DPS. Lege eller psykolog kan henvise til behandling i distriktspsykiatrisk senter.

PBU Psykisk helsevern for barn og unge, v/ Helse Bergen. Klinikks psykisk helsevern for barn og unge (PBU) gir spesialisert helsetilbod til barn og unge (0-18 år) med psykiske vanskar, og deira pårørande.

Bufdir Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet er eit fagorgan på områda barnevern, barn, ungdom og oppvekst, adopsjon, familievern, likestilling og ikkje-diskriminering og vald og overgrep i nære relasjoner.

Bufetat Barne-, ungdoms- og familieetaten har ansvar for det statlege barne- og familievernet. Bergen og omland familiekontor tilbyr samtalar for veteraner og deira familiar, oppfølging før under og etter ein deployering (midlertidig utstasjonering) i tillegg til andre utfordringer familiar står i og treng hjelp til. Tilboden er gratis, utan ventetid for veteranar og krev ikkje henvising.

AFR Avdeling for rusmedisin, v/ Helse Bergen. AFR tek imot og behandler alle henvisingar til rus- og avhengighetsbehandling. Krav om henvising frå lege, psykolog, sosialteneste eller barnevernteneste.